Samla sett har vi ei auke i budsjetterte inntekter på 10,4 mill kr, der auka er knytt til KD-tildeling. Effekt av eksterne inntekter er redusert med 0,6 mill kr frå fjoråret.

Resultat per 1. tertial 2017

Samla sett har nærregion Stord/Haugesund eit positivt resultat på den ordinære drifta på 3,3 mill kroner per 1. tertial 2017. Det er kun små mindreforbruk på alle tre fagavdelingane, det største mindreforbruker er knytt til faglege/administrative fellestenester og strategiske satsingar. Under følgjer ei kort utgreiing om dei ulike budsjettområda ved nærregionen.

Avdeling for lærar- og kulturfag (ALK)

Avdelinga har ingen avvik i høve til budsjett per 1. tertial 2017. Det har vore noko vakansar og permisjonar som gir eit mindreforbruk på lønn i inngangen av året på ca 0,8 mill. Det er også noko meirforbruk på andre driftskostander, fyrst og fremst knytt til reiser. ALK har budsjettert med 1,6 mill i usikre inntekter i 2017, og har ikkje klart å redusere denne noko per 1. tertial. Det at avdelinga ikkje har fått inn nye inntekter som budsjettert gjer at mindreforbruket på lønn vert utjamna, og avdelinga går i null til 1. tertial. I løpet av 2. tertial vil det bli gjort fleire tilsettingar som gjer at det er forventa å oppnå full budsjettutnytting fram mot 3. tertial. Samtidig vil oppstart av NFR-prosjekt samt ei ny satsing på desentralisert kompetanseheving av lærarar via Fylkesmannen i Hordaland (EVU) gi nye inntekter til avdelinga, og usikre inntekter er forventa å reduserast mot hausten. På årsbasis er avdelinga forvente å gå i budsjettmessig balanse.

Avdeling for teknisk, økonomiske og maritime fag (ATØM)

Avdelinga har ingen avvik i høve til budsjett per 1. tertial 2017. ATØM gjekk inn i året med usikre inntekter på 1,8 mill kr. Ei halvering av kompetansehevingsmidlar i Markom-prosjekta (øyremerka midlar frå KD via anna utdanningsinstitusjon) med 1 million kroner gjer at sjølv om avdelinga har hatt vakansar og mindre andre utgifter til lønn enn forventa, har dei framleis usikre inntekter på same nivå som i inngangen av året. På årsbasis er det likevel forventa at avdelinga vil gå i balanse. Avdelinga har levert fleire søknadar på nye eksterne prosjekt. Dette er prosjekt med planlagt start neste år og eventuell vil ikkje påverka året aktivitet. Avdelinga er og i samtaler med Unitar og RKK angående eit nytt Unitar oppdrag. Her er utfallet fortsatt høgst usikkert.

Avdeling for helsefag (AHF)

Avdelinga har 0,17 mill i mindreforbruk i høve til budsjett per 1. tertial 2017, og er i hovudsak på grunn av etterslep for utbetaling av timelærar. I tillegg har AHF har hatt noko vakansar og endra stillingskabalar i høve til budsjett i 1. tertial, som gjer at usikre eksterne inntekter er redusert frå 1 mill kr til 0,3 mill kr. Avdelinga har dei siste åra brukt mykje midlar på kompetanseheving og FoU innanfor eigen ramme, og ser no resultat av dette med fleire kompetanseopptrykk i 2017. Ei av utfordringane for avdelinga er framleis å få søkt på og innvilga eksterne forskingsprosjekt. Det er fokus på dette også i 2017.

Fellesadministrasjon og faglege fellestenester

Faglege- og administrative fellestenester i nærregion Stord/Haugesund syner for 1.tertial eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 2,5 mill kr, og er i hovudsak knytt til utsett aktivitet vårsemesteret. Kommunikasjon og samfunnskontakt har midlar på nærregion i 2017, men skal sjåast i samanheng med kommunikasjon og profilering på HVL-nivå. Det er difor eit mindreforbruk på nærregion per 1. tertial, men er forventa utjamna i løpet av året. Driftsseksjonen har eit lite meirforbruk per 1. tertial på 0,2 mill, men det er noko usikkerhet knytt til driftsbudsjettet på årsbasis, der det framkjem høgare kostnader til straum og driftskostnader relatert til avtalar med Statsbygg enn budsjettet. På noverande tidspunkt forventar ein likevel balanse i rekneskapet ved årsslutt.

I 1. tertial er det avsett 0,43 mill kr på KD-tildelinga for periodisering av fleksitid ved nærregion Stord/Haugesund som spelar inn på resultatet.

Strategiske satsingar

Styret ved HSH avsette midlar til strategiske satsingar i 2017 jamfør tabellen under.

Tabell 2 Fordeling av styrets strategiske midlar i 2017 (heile tusen)

Prosjekt	2017 (heile 1000)
Kompetanseheving	350
- ALK	350
- ATØM	350
- AHF	
Forskins- og læringsstøtte/styrka rektorat	1 800
FOU-senter ALK	500
Maritimt senter	500
Utvikling 5-årig lærerutdanning	500
Ekstra tiltak studentrekruttering/profilering	300
Rammeplanar/kvalitetsutvikling studier - nautikk	90
Sum disponert av styrets strategiske midlar	4 740

Alle prosjekta er i aktivitet, og er forventa å nytte sine midlar i 2017. Det eine unntaket er forskning- og læringsstøtte som har noko mindre aktivitet ved 1. tertial 2017 enn forventa. Fleire av deltakarane er i løpet av 2017 blitt engasjert i andre HVL-aktivitetar, blant anna OU-prosjektet. Prosjektet vil sjåast i samanheng med

fagleg og forskingsstrategi i HVL framover. Utvikling av 5-årig lærarutdanning sjåast i samanheng med GLUP-aktiviteten på HVL-nivå.

I tillegg til dei strategiske prosjekta over har fagavdelingane fått tildelt midlar til utstyr i 2017, totalt sett 1,5 mill kr som var forventa nytta 1. semester. Her er det ikkje ført alle kostnader enno, og har eit mindreforbruk på 0,8 mill kr.

Nærregion Stord/Haugesund har i 2017 21 stipendiatar, kor 2 av dei er mellombelse. I tillegg kjem dei tre rekrutteringsstillingane nærregionen har fått frå og med hausten 2017.

Stipendiatbudsjettet er fullt utnytta per 1. tertial med berre små mindreforbruk, og prosessen med å få tilsett i dei nye stillingane frå haust 2017 er i gong.

Totalt sett er det eit mindreforbruk på strategiske midlar på 1,2 mill kr.

Oppsummering

Nærregion Stord/Haugesund har totalt sett eit mindreforbruk på 3,3 mill kroner på den ordinære drifta per 1. tertial. Av dette er det berre 0,25 mill i avvik på fagavdelingane, mens fagleg/administrative felleseiningar og strategiske midlar har dei største avvika.

Nærregionen gjekk inn i året med ca 6 mill kr i usikre inntekter, dette er no redusert til 4,4 mill kr. Med kjennskap til dagens aktivitetsnivå og dei forpliktingane vi har i budsjett per no, forventar nærregionen likevel å gå i balanse på årsbasis.

Budsjettoppfølgingsrapport Nærregion Stord/Haugesund totalt	Rekneskap 201700- 201704	Prognose 201700- 201704	Avvik	Rekneskap per 1. tertiar 2016
Resultat KD-finansiert verksemnd				
Inntekter				
KD-tildeling	-120 525	-120 525		-113 546
Overhead	-2 141	-2 078	-63	-2 085
Egenandel bidragsprosjekt	326	332	-6	443
Andre inntekter	-666	-1 098	432	-1 203
Sum inntekter	-123 006	-123 369	363	-116 391
Kostnader				
Lønn- og sosiale kostnader	82 796	83 503	-707	79 407
Andre kostnader	36 922	39 866	-2 944	38 365
Sum kostnader	119 717	123 369	-3 651	117 772
Totalt mindreforbruk ordinær aktivitet	-3 288		-3 288	
Av dette: Avsetning påløpte kostnader, fleksitid	427			707
I tillegg: Bruk av tidligere tildelte midlar	103	379		215
I tillegg: Frå verksemdskapital	171	136		0

Nøkkeltal bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd				
Lønn bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd	7 005	8 852	-1 847	6 877
Overhead	2 141	1 933	207	2 085

Tabellen over viser rekneskap, prognose og avvik mellom disse. Den viser også tala sett opp mot vedteke budsjett førre rekneskaps år. I prognosen er siste kjente informasjon om inntekter og kostnader lagt inn, og det er derfor denne vi samanliknar rekneskapen med på nærregions- og avdelingsnivå.

Jamføre oppteningsprinsippet inntektsførar vi KD-tildelinga i tråd med prognosen.

HVL fellesmidlar 2017

Det er for 2017 satt av om lag 100,5 mill. kr i eit felles HVL-budsjett, meint å dekke noko fellesutgifter som gjeld alle dei tre nærregionane, samt utgifter direkte knytt til fusjon. Fellesbudsjettet er samansett av følgjande delar:

50 mill kr frå nærregionane (29 frå Bergen, 11 frå Sogn og Fjordane og 10 frå Stord/Haugesund)
39 mill kr i SAKS-midlar
7,5 mill kr i tilleggsbevilling frå KD til lærarutdanning /GLUP
3,9 mill kr i tilleggsbevilling frå KD til vitskapleg utstyr
0,1 mill kr i saldering frå total HVL-bevilling frå KD
100,5 mill kr totalt

Alle fellesmidlane er detaljbudsjetterte etter kostnadsberekningar og innspel, og fordelt på fem budsjetteiningar med underprosjekt. Budsjettet inneheld både eingongs fusjonskostnader og andre felleskostnader som er forventa at HVL vil ha i framtida.

GLUP er etablert som eigen arbeidsgruppe og midlane er fordelt på to prosjekt, eit for sjølve arbeidsgruppa kor stillingane er finansiert av midlane frå nærregionane, og eit prosjekt der tilleggsbevillinga frå KD er budsjettert. I det siste prosjektet vil kostnadane i all hovudsak oppstå frå og med 2. tertial.

Tilleggsbevillinga til vitskapleg utstyr er tildelt nærregionane med bakgrunn i budsjettstorleik, høvesvis 2,26 mill kr til Bergen, 0,86 mill kr til Sogn og Fjordane og 0,78 mill til Stord/Haugesund.

Forbruk per 1. tertial	Budsjett per 1. tertial	Avvik per 1. tertial	Totalt budsjett 2017
24 440 114	24 483 117	43 004	100 518 212

Per 1. tertial 2017 er det brukt om lag 24,44 mill. kr og budsjettert 24,48 mill kr, noko som gir eit lite mindreforbruk på om lag kr 43.000,-. Det er forventa at alle fellesmidlane vil bli fullt utnytta i 2017, og at det oppnås budsjettbalanse ved årsslutt.

Sjølv om det ikkje er nokon avvik av betydning på totalen per 1. tertial, er det svingingar i bruk av midlane i fleire av prosjekta. Nokon prosjekt har ikkje fått registrert alle lønnskostnadane som skal belastast her foreløpig, da det har vore usikkerhet knytt til kva for personar som skal utføre spesifikke fellesoppgåver og stillingsandel som skal overførast. Dette gjelder særskilt tillitsvalte/verneombod og OU-programmet som begge har større mindreforbruk per 1. tertial.

Det var i budsjettprosessen vanskelig å forutsjå kva for kostnader som ville kome til i 2017 både i høve til felleskostnadane samt i høve til fusjonskostnadane. Det har oppstått fleire og endra behov etter budsjettprosessen som har ført til noko

omdisponering av budsjettramma. Særskilt knytt til utviklinga av ny felles webløysing samt kostnader knytt til felles profilering av den nye høgskulen har det vore vanskeleg å forutsjå kostnadsnivået for 2017, og det er per 1. tertial relativt store meirforbruk på desse prosjekta. Det er forventa at dei største kostnadane no er påløpt for 2017, at hovuddelen av arbeidet både i høve til den nye webløysinga og profilering for neste studieår er gjort slik at det berre er mindre utgifter som påløper vidare. På fellesbudsjettet er det også ført ca 2 mill kr til felles lisensar og avgifter. Desse kostnadane vil bli tilbakeført til nærregionane i 2. tertial, da det har vore ein føresetnad at kvar nærregion opprettheld sitt opphavlege budsjett på dette i 2017. Det er óg eit meirforbruk på Kopinor-avgifta på om lag 0,6 mill kr som ikkje dekkes av studentinnbetalingane som forventa.

Totalt sett er det forventa at alle einingar og fusjonsgrupper (KA) på fellesbudsjettet vil bruke opp sine midlar i 2017 og alle eventuelle meirforbruk vil bli fordelt og belasta nærregionane sine interne budsjett.

Oversikt forbruk, budsjett og avvik per 1. tertial samt totalt budsjett 2017 for HVL-fellesmidlene							
Budenhet	Budenhet navn	Prosjekt	Prosjekt navn	Forbruk per 1. tertial	Budsjett per 1. tertial	Avvik per 1. tertial	Totalt budsjett 2017
101000	Felles ledelse HVL/Rektorat	0000000	Felles ledelse/Rektorat	3 734 901	4 030 647	295 746	11 200 000
101000	Felles ledelse HVL/Rektorat	1010002	Rektoratets handlingsrom	0	0	0	1 500 000
101000	Felles ledelse HVL/Rektorat	0000000	Ufordelt buffer	0	0	0	237 223
101000	Felles ledelse HVL/Rektorat			3 734 901	4 030 647	295 746	12 937 223
101010	Styret HVL	0000000	HVL STYRET	1 188 088	1 066 667	-121 421	3 200 000
101010	Styret HVL	1010100	HVL Styresekretariat	382 733	266 667	-116 066	800 000
101010	Styret HVL			1 570 821	1 333 333	-237 488	4 000 000
101100	Felleskostnader	1010001	HVL Semesteravgift/Læremiddel/Kopinor	631 022	0	-631 022	0
101100	Felleskostnader	1011000	HVL Råd og utvalg på institusjonsnivå	67 108	250 000	182 892	750 000
101100	Felleskostnader	1011001	HVL Klagenemd	32 079	140 000	107 921	420 000
101100	Felleskostnader	1011002	HVL Skikkethetsnemd/skikkanemd	36 776	110 000	73 224	330 000
101100	Felleskostnader	1011003	HVL Hovedtillitsvalgte og verneombud på institus	392 481	1 670 735	1 278 253	5 000 000
101100	Felleskostnader	1011004	HVL Felles lisenser og avgifter	2 095 145	0	-2 095 145	0
101100	Felleskostnader	1011005	HVL Profilerings	3 208 798	2 706 071	-502 727	4 118 212
101100	Felleskostnader	1011006	HVL Studentombud	135 338	421 529	286 191	1 200 000
101100	Felleskostnader	1011007	HVL Dekaner doble kostnader 2017	0	0	0	1 000 000
101100	Felleskostnader	1011008	HVL Ny GLU Stillinger	1 137 824	1 079 400	-58 424	3 500 000
			HVL Konsulentttjenester fusjon (Deloitte)	568 506	600 000	31 494	1 800 000
101100	Felleskostnader	1011010	HVL Digitalisering		0	0	6 000 000
101100	Felleskostnader	1011011	HVL Ny GLU-Prosjekt Ekstra KD-finansiering	339	0	-339	7 500 000
101100	Felleskostnader	1011012	HVL Vitenskaplig utstyr 2017 kap281	0	0	0	3 900 000
101100	Felleskostnader			8 305 416	6 977 734	-1 327 681	35 518 213
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019000	HVL Fusjonssekretariat og lederstøtte	432 498	307 458	-125 040	1 800 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019001	HVL Bibliotek fusjonskostnader	0	691 667	691 667	2 075 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019002	HVL Studieadministrasjon fusjonskostnader	90 141	23 685	-66 456	90 141
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019003	HVL Arkiv fusjonskostnader	118 286	555 118	436 831	1 665 353
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019004	HVL IT fusjonskostnader	1 183 103	802 000	-381 103	3 800 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019005	HVL Kommunikasjon fusjonskostnader	3 478 154	2 307 428	-1 170 726	3 922 283
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019006	HVL Personal fusjonskostnader	867 084	420 000	-447 084	1 260 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019007	HVL Innplassering av ledelse (Agenda Kaupang) F	570 031	600 000	29 969	2 800 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019008	HVL Universitetsambisjonen	70 853	33 333	-37 519	100 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019009	HVL Kick-off/Åpningsseremoni fusjonskostnader	1 142 201	1 000 000	-142 201	1 000 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019010	HVL Fellessamling ansatte 2017	0	0	0	1 000 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019011	HVL ufordelte midler	0	0	0	5 000 000

101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019012	HVL Bygningsdrift/skilting fusjonskostnader 2017	193 607	666 667	473 060	2 000 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019013	HVL Økonomi/innkjøp fusjonskostnader 2017	386 418	105 931	-280 486	450 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019014	Sogn og Fjordane faglig og administrativt samarbeid	11 924	333 333	321 410	1 000 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019015	Bergen faglig og administrativt samarbeid	35 858	333 333	297 475	1 000 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS	1019016	Stord/Haugesund faglig og administrativt samarbeid	61 911	333 333	271 423	1 000 000
			Ufordelte midler til faglig og adm. Samarbeid	0	0	0	4 000 000
101101	Fusjonskostnader/SAKS			8 642 068	8 513 286	-128 782	29 962 777
101102	Organisasjonsprosjektet	1019500	OU - Team	540 180	877 704	337 524	4 842 279
101102	Organisasjonsprosjektet	1019501	OU - Førebuing av strategiprosess	0	314 544	314 544	870 145
101102	Organisasjonsprosjektet	1019502	OU - Fagleg organisering	1 109	167 684	166 575	838 391
101102	Organisasjonsprosjektet	1019503	OU - Administrativ organisering	0	390 213	390 213	2 553 519
101102	Organisasjonsprosjektet	1019504	OU - Hovudprosjekt Digitalisering (Deloitte)	0	0	0	1 500 000
101102	Organisasjonsprosjektet	1019505	OU - Digital infrastruktur	11 242	179 481	168 240	500 250
101102	Organisasjonsprosjektet	1019506	OU - Digital samhandling	45 540	79 684	34 144	468 716
101102	Organisasjonsprosjektet	1019507	OU - Digitalt handlingsrom	39 527	118 806	79 279	526 699
101102	Organisasjonsprosjektet	1019508	OU - LMS	1 549 309	1 500 000	-49 309	2 000 000
101102	Organisasjonsprosjektet			2 186 907	3 628 116	1 441 209	14 100 000
			TOTAL SUM HVL FELLESMIDLER	24 440 114	24 483 117	43 004	100 518 212



Arkivsak-dok. 17/04914-3
Saksbehandler Svein Tore Sviggum

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
15.06.2017

050/17 HOVUDPRINSIPP FOR BUDSJETTFORDELING I HVL

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner hovudprinsipp for budsjettfordeling slik dei er lagt fram i saka, med dei endringar og tillegg som kom fram i styrehandsaminga.
2. Styret ber rektor utarbeide forslag til budsjettfordelingsmodell for HVL som er tufta på dei hovudprinsippa som no ligg til grunn. Dette forslaget blir presentert for styret 28. september etter å ha vore på høyring i organisasjonen.

Samandrag

Då HVL vart etablert, 1. januar 2017, vart dei tre opphavslege høgskulane flytta på rot over i den nye høgskulen. Budsjettet for 2017 vart fordelt ved å nytte dei budsjettfordelingsmodellane som eksisterte ved dei tre institusjonane i tillegg til at det vart etablert eit felles HVL budsjettnivå. Når ny organisasjonsstruktur kjem på plass frå 2018, krev dette ein felles budsjettfordelingsmodell som er tilpassa den nye organisasjonen. Sidan den nye organisasjonen, samt strategi- og handlingsplanar, ikkje er ferdig utmeisla er det utfordrande å utarbeide ein budsjettfordelingsmodell som er godt tilpassa både organisasjon og målsetjingar. Det lyt difor vere rom for å gjere endringar i modellen i åra som kjem.

Finansieringa av høgskular og universitet er delvis basert på oppnådde resultat på ulike indikatorar innan utdanning, forskning og bidrags- og oppdragsaktivitet (BOA). Ein ny budsjettfordelingsmodell for HVL bør ta utgangspunkt i finansieringssystemet i sektoren, slik at den interne budsjettfordelinga legg til rette for at høgskulen jobbar for å oppnå gode resultat på dei indikatorane som KD har valt å inkludere i finansieringssystemet.

Saksframstillinga legg fram hovudprinsipp for budsjettfordeling i den nye organisasjonen. I denne saka blir styret bede om å ta stilling til dei prinsippa som blir presentert og ta ein diskusjon rundt dei punkta som i saka er forsøkt problematisert:

- Budsjettfordelingsmodellen sitt forhold til finansieringssystemet til KD og kor resultatbasert den skal vere
- Budsjettering av fellestenester og fellesadministrasjon
- Korleis handtere over- og underskot som oppstår hjå budsjetteiningane
- Kor langt ned i organisasjonen prinsippa i modellen skal ha innverknad

Vedlegg:

1. Fusjonsavtale mellom HiB, HiSF og HSH
2. Omtale av Kunnskapsdepartementet sitt finansieringssystem

Saksframstilling:

I 2017 kunne budsjettet fordelast ved å nytte eksisterande hovudprinsipp og budsjettfordelingsmodellar frå dei tre tidlegare høgskulane. Dette kunne ein gjere, då heile dei opphавеlege organisasjonane vart med over i den nye institusjonen. Budsjettet vart delt i fire område: 1) felles for HVL, 2) nærregion Bergen, 3) nærregion Sogn og Fjordane og 4) nærregion Stord/Haugesund.

Frå 1. januar 2018 skal ny organisering med fire fakultet og fellestenester på tvers av nærregionane vere på plass. Denne strukturen er ny og erstattar tidlegare, midlertidige strukturar. Det er difor nødvendig å utarbeide ein budsjettfordelingsmodell som er tilpassa denne nye organiseringa og som sikrar heilskapleg budsjettfordeling for heile organisasjonen. Budsjettfordelingsmodellen er eit verktøy for å fordele tildelinga frå KD og ikkje eit verktøy til å budsjettere kostnader.

Rektor har oppnemnt eit utval som har fått i oppdrag å utarbeide ein budsjettfordelingsmodell for HVL som varetek budsjettildeling til alle einingar (fakultet og administrative einingar). Utvalet har følgjande samansetjing:

Rasmus Stokke (leiar), prorektor for Sogn og Fjordane
Jan Ove Henriksen, øk.direktør for Bergen
Kirsten Bakken, øk.sjef for Stord/Haugesund
Karianne Brøndbo Bergheim, øk.direktør for Sogn og Fjordane
Asle Holthe, dekan avd. for lærarutdanning i Bergen
Georg Førland, dekan avd. helsefag i Stord/Haugesund
Kristin Ran Choi Hinna, tillitsvalt Forskerforbundet

Følgjande personar er med i utvalet som «reknegruppe»:

Elise Aabel Eriksen, økonomirådgjevar i Stord/Haugesund
Kristine Tangen, økonomirådgjevar i Bergen
Frank Haugen, økonomirådgjevar i Bergen
Svein Tore Sviggum (sekretær), økonomirådgjevar i Sogn og Fjordane

Utvalet har fått følgjande mandat:

Det skal utarbeides en transparent, robust og forutsigbar modell som ivaretar budsjettildeling til alle enheter (fakulteter og adm. enheter) ved Høgskolen på Vestlandet.

1. *Modellen skal være en rammefordelingsmodell, og skal være sammensatt av en basisdel og resultatavhengig del. Størrelsen på de ulike delene må utredes/vurderes.*
2. *Modellen skal bidra til å realisere høgskolens visjon og langsiktige mål slik det framgår av fusjonsplattformen og andre styrevedtak mht. strategisk satsning/utvikling. På denne bakgrunn skal modellen inneholde en strategisk komponent.*
3. *Modellen skal sikre en helhetlig og balansert budsjettfordeling i henhold til styrets prioriteringer og framtidige organisering.*

4. Modellen skal gi muligheter for tydelig strategisk og langsiktig planlegging på ulike nivåer og skal være en modell som skal gi grunnlag for langtidsbudsjetter.
5. Modellen skal gi insentiver til å oppnå resultater: Departementet har en budsjettmodell der institusjonene får økonomisk uttelling for å produsere kvantifiserbare resultater innen forskning og utdanning. Slike insentiver bør inngå i modellen for å skape godt samsvar mellom de styringssignaler som ligger i KDs modell og de som videreføres til enhetene.
6. Modellen skal være av en slik form at den enkelt kan evalueres og justeres.

Det må også utredes og foreslås hvordan ny budsjettfordelingsmodell skal innføres, og evt. hvilke overgangsordninger som må etableres i en innføringsfase.

Utvalet har hatt to møter. Det første møtet vart halde før den endelege samansetjinga av gruppa var klar, så dei to fyrste møta hadde ganske lik agenda for å sikre involvering av heile utvalet. Målet for desse møta var å kome fram til hovudprinsipp for budsjettfordeling i HVL og presentere desse for styret, slik at grunnlaget for ny budsjettmodell kan vedtakast.

Gjennomgang av hovudprinsipp:

Det er viktig å ha nedfelt hovudprinsippa for budsjettfordeling før ein går vidare i arbeidet med å utarbeide ein ferdig fordelingsmodell. Er modellen bygd på gode prinsipp vil den fordele budsjettet på ein god og berekraftig måte. Sidan modellen fordeler HVL si budsjetttramme, som i sum er lukka, er det naturlegvis nødvendig å gjere prioriteringar. Komponentane må balanserast på en slik måte at modellen kan legge til rette for:

- Høg kvalitet i utdanning og forskning ved HVL.
- Realisering av overordna strategiske prioriteringar på sentralt nivå og på fakultetsnivå.
- Langsiktig planlegging, investering og drift.
- Stimulere til omstilling og innovasjon i organisasjonen.
- Gi styret handlingsrom.

Følgjande hovudprinsipp blir lagt til grunn i ny budsjettfordelingsmodell for HVL:

1. Budsjettfordelingsmodellen skal gjelde for all verksemd som er finansiert av tildelinga frå KD.
2. Budsjettfordelingsmodellen skal tildele midlar til det aktivitetsnivået som er vedteke av styret.
3. Budsjettfordelingsmodellen skal vere tilpassa prinsipp og insentiv frå KD.
4. Budsjettfordelingsmodellen skal nytte rammebudsjettering som hovudprinsipp.
5. Budsjettfordelingsmodellen skal vere eit godt styringsverktøy.
6. Budsjettfordelingsmodellen skal legge til rette for langtidsbudsjettering.
7. Budsjettfordelingsmodellen skal vere transparent, føreseieleg og enkel.

1. Budsjettfordelingsmodellen skal gjelde for all verksemd som er finansiert av tildelinga frå KD

Ein budsjettfordelingsmodell som skal gjelde for heile organisasjonen skal fordele ressursar til følgjande hovudområde:

- Utdanning og forskning
- Strategiske midlar og investeringar
- Fellestenester og fellesadministrasjon

Om ynskjeleg kan dette nyanserast ytterlegare ved å ha eigne budsjettmodular for til dømes øyremerka midlar frå KD og ein eigen budsjettmodul for PhD-program.

Bidrags- og oppdragsaktivitet

BOA er ein viktig del av den totale aktiviteten til fakulteta, og denne aktiviteten lyt ha ein kopling mot budsjettfordelingsmodellen, sjølv om dei totale inntektene frå BOA ikkje skal fordelast gjennom modellen. BOA ligg inne som ein resultatindikator i finansieringssystemet, og denne bør vidareførast til fakulteta.

BOA må gi dekningsbidrag for å dekke indirekte kostnader for både fakultet og fellestenester. Korleis fordeling av dette dekningsbidraget skal vere heng saman med korleis kostnadane blir budsjettert. Om fellesadministrasjonen i budsjettfordelingsmodellen er dimensjonert for å utføre oppgåver innan BOA er det ikkje rimeleg at dei i tillegg får ein stor del av dekningsbidraget frå denne aktiviteten.

På same måte som fordeling av dekningsbidrag, er det eit spørsmål om korleis resultatet av BOA-prosjekt skal fordelast. Skal 100% av resultatet gå til fellesnivået, eller skal fakulteta få behalde deler av dette? Om fakulteta får behalde deler av overskotet, kan dette bidra til større fokus på å drive prosjekta kostnadseffektivt. Bidrags- og oppdragsaktivitet vil kunne svinge opp og ned frå det eine året til det andre. Viss fakulteta får behalde deler av overskotet frå denne aktiviteten, kan det bidra til å jamne ut svingingar, slik at totalramma til fakultetet likevel kan haldast på eit jamt nivå frå år til år.

Sjølv om budsjettfordelingsmodellen ikkje skal fordele midlar til BOA er det ein del samanhengar og koplingar mellom BOA og resten av verksemda som lyt takast omsyn til i ein budsjettfordelingsmodell.

2. Budsjettfordelingsmodellen skal tildele midlar til det aktivitetsnivået som er vedteke av styret

Budsjetta til fakulteta vil, på same måte som budsjettet for institusjonen, bestå av ein basisdel og ein resultatdel. Basisdelen i tildelinga frå KD er avhengig av kor mange studieplassar institusjonen har fått tildelt. Dette kan vidareførast i modellen til HVL, enten ved å nytte tal for finansierte studieplassar på kvart fakultet eller nytte opptakstal ved utdanningane. Uansett korleis ein gjer dette vil det vere ein tett kopling mellom studieportefølja og budsjettfordelinga. Den studieportefølja som blir vedteke har difor budsjettmessige konsekvensar.

Strategiske midlar og investeringar

Ein prosentdel av tildelinga frå KD bør setjast av til strategiske tiltak og investeringar og gi styret handlingsrom til å gjere prioriteringar. Har ein tilstrekkeleg avsetjing til strategiske midlar vil ein ha større mogelegheiter til å nå dei målsetjingane ein har, til dømes universitetsambisjonen.

Størrelsen på denne potten lyt balanserast opp mot størrelsen på fakultetsbudsjetta, slik at ein stor strategisk pott (og tilsvarande mindre fakultetsbudsjett) ikkje går utover kjerneverksemda til fakulteta.

Utviklingsavtalar

KD innfører gradvis ein ordning med fleirårige utviklingsavtalar mellom departementet og institusjonane. Korleis finansieringa av dette skal vere er enno ikkje avklart, men sannsynlegvis må institusjonane setje av noko midlar til dette innanfor den ramma dei får i dag. Utviklingsavtalene vil dekke delar av dei strategiske tiltaka i institusjonane, og finansiering av desse avtalane lyt sjåast i samanheng med andre strategiske tiltak som institusjonen ynskjer å gjennomføre, slik at den totale avsetjinga til strategiske tiltak blir på eit rimeleg nivå.

PhD-program

Midlar til PhD-program kan samlast i ein modul som fordeler KD-finansierte rekrutteringsstillingar. Nokre PhD-program vil kanskje gå på tvers av fakulteta medan andre høyrer til eit fakultet. I tillegg vil PhD-programma ha ein del felles kostnader som gjeld alle programma. Dette kan tale for at ein fordeler ressursar til dette i ein eigen budsjettmodul. Det synleggjer og gir oversikt over kor mykje ressursar som skal nyttast til dette, og budsjettfordelingsmodellen står då ikkje i vegen for at fakulteta samarbeider om dette.

3. Budsjettfordelingsmodellen skal vere tilpassa prinsipp og insentiv frå KD

Når det gjeld resultattildelinga i budsjettfordelingsmodellen, er det naturleg å ta utgangspunkt i dei resultatindikatorane som ligg i finansieringssystemet til KD ved fordeling av ressursar til utdanning og forskning. Samtidig er det slik at KD oppfordrar styret ved kvar enkelt institusjon til å vurdere i kva grad det vil nytte desse indikatorane. Det er difor fullt mogeleg for HVL å bruke andre økonomiske insentiv for å støtte opp under eigne prioriteringar og strategiar. Ein kan også vekte indikatorane frå KD annleis enn det som blir gjort i finansieringssystemet. Tildelinga frå KD blir gitt som ei ramme, og institusjonane står fritt til å utarbeide interne fordelingsmodellar som er i tråd med dei måla som ein siktar mot.

Samtidig skal ein vere varsam med å innføre for mange insentiv. Med mange insentiv får kvart enkelt insentiv mindre effekt, modellen blir meir kompleks og mindre transparent, insentiva kan motverke kvarandre og gi utilsikta effektar og det fører til meir administrasjon, kontroll og rapportering.

Før HVL har vedteke handlingsplanar og strategiplanar, kan indikatorane til KD vere eit godt utgangspunkt for den interne budsjettfordelingsmodellen. Då kan ein seinare vurdere om modellen skal justerast for å støtte opp om strategiane til institusjonen.

Det er eit spørsmål kor resultatorientert modellen skal vere. Sjølv om ein tek utgangspunkt i indikatorane og satsane til KD, kan dette gjerast på ulike vis:

1. Fordele resultatbasert utteljing direkte vidare til fakulteta.

Om fakulteta får heile den resultatbaserte utteljinga vil den interne budsjettmodellen vere meir resultatbasert for fakulteta enn det finansieringssystemet er for institusjonen. Det er fordi den resultatbaserte utteljinga vil utgjere ein større del av fakultetsbudsjetta enn den gjer i institusjonsbudsjettet.

Når mesteparten av budsjetta til fakulteta blir fordelt på bakgrunn av oppnådde resultat, vil det gi toppleing og styre noko mindre mogelegheiter til å påverke fordelinga av fakultetsbudsjetta.

2. Fordele ein del av resultatbasert utteljing og ein del av basis til fakulteta.

Viss den interne fordelingsmodellen skal vere like resultatbasert for fakulteta som finansieringssystemet er for institusjonen, kan dette løysast ved at fakulteta får ein del av resultatbasert utteljing og ein del av basistildelinga.

Er modellen innretta slik, vil det vere større mogelegheiter for leiing og styre til å påverke fakultetsbudsjetta gjennom den basisdelen som blir fordelt (sidan basisdelen utgjer ein større del av fakultetsbudsjettet).

4. Budsjettfordelingsmodellen skal nytte rammebudsjettering som hovudprinsipp

Budsjetta til fakulteta bør i størst mogeleg grad bli gitt som rammetildelingar der fakulteta sjølve kan gjere prioriteringar innanfor ramma. Dette gjev einingane autonomi og høve til å gjere eigne prioriteringar. Nokre utdanningar har spesielle kostnader som fakulteta kanskje vil ynskje blir realbudsjetterte utanom rammetildelinga. Til dømes har lærarutdanningane store kostnader til lønning av praksislærarar. Det kan vere vanskeleg å vurdere når det skal takast slike omsyn. Den generelle tilnærminga bør vere at alle kostnader til utdanningane er teke høgde for i dei finansieringskategoriane som KD har plassert utdanningane i. Kostnadskrevjande utdanningar får høgare finansiering frå KD ved at satsane for desse studieplassane er høgare enn for mindre kostnadskrevjande utdanningar.

Fellestenester og fellesadministrasjon

Felleskostnader (rektorat, administrasjon, fellestenester, husleige, drift av bygg, felles prosjekt og aktivitetar) er kostnader som blir finansierte gjennom basistildelinga frå KD. Fellesadministrasjonen må dimensjonast i tråd med utviklinga i kjerneverksemda, og realbudsjettering av desse kostnadane kan vere ein god tilnærming. Endringar frå år til år, bortsett frå løns- og prisvekst, bør spesifiserast.

Eit anna alternativ kan vere å gjere fellesadministrasjonen heilt eller delvis avhengig av insentiva for kjerneverksemda, slik at budsjettet til fellesadministrasjonen også blir gitt som ein rammetildeling. Ei slik ordning vil bygge oppunder eit felles målbilete og gi ein auka gjensidig avhengigheitt mellom kjerneverksemd og administrasjon.

Samtidig er det ikkje nødvendigvis ein klar samanheng mellom felleskostnadane og resultatane som blir oppnådd innan kjerneverksemda. Det kan til og med bli nødvendig å styrke administrasjonen i periodar der institusjonen oppnår resultat som ikkje er tilfredstillande på indikatorane til KD for å kome betre ut i andre enden.

5. Budsjettfordelingsmodellen skal vere eit godt styringsverktøy

Når budsjetta til fakultet og andre budsjetteiningar blir gitt som ei ramme, som gir stor fridom og autonomi, er det viktig at det er klart definert kva oppgåver som skal løysast av fellesadministrasjonen og kva oppgåver som høyrer til fakulteta. Elles kan ein risikere at fakulteta brukar midlar til å løyse oppgåver som eigentleg er fellesadministrasjonen sitt ansvar å utføre.

Det er viktig at ein sikrar at budsjetteiningane jobbar mot dei målsetjingane som blir fastsett og den overordna strategien til institusjonen. Budsjettfordelingsmodellen må difor supplerast med handlingsplanar og mål, slik at styret kan sjå til at ressursane blir nytta på rett måte for å nå målsetjingar og ambisjonar for HVL.

I tillegg er det viktig med tett oppfølging av resultat mot budsjett for alle budsjetteiningar, særskilt i ein periode der både organisasjon og budsjettfordelingsmodell er ny, for å kunne justere kursen når det er nødvendig.

6. Budsjettfordelingsmodellen skal legge til rette for langtidsbudsjettering

Modellen må kunne inngå i langtidsbudsjetteringa og på den måten støtte opp under strategiplan og andre plandokument. Ved å nytte same parameter som KD nyttar i sitt finansieringssystem vil ein kunne berekne budsjettfordelinga to år fram i tid. Ein kan i tillegg lage prognosar lenger fram i tid basert på opptakstal og studenttal ved dei ulike fakulteta.

7. Budsjettfordelingsmodellen skal vere transparent, føreseieleg og enkel

Det er utfordrande å utarbeide ein budsjettfordelingsmodell for ein organisasjon som er under utvikling. I ein slik fase er det ekstra viktig at budsjettfordelinga er oversiktleg og enkel. Den må vere enkel å forstå og enkel å endre når ein ser at det er nødvendig.

Kor langt ned i organisasjonen skal ein nytte ein budsjettfordelingsmodell som er basert på finansieringssystemet?

Det er krevjande å utarbeide ein modell som skal fungere langt ned i organisasjonen. Dette fordi det ikkje er gitt at det er noko godt samsvar mellom korleis inntektene blir fordelt og korleis kostnadsfordelinga ser ut. I tillegg vil det gå utover handlingsrommet og autonomien til fakulteta om ein legg detaljerte føringar på korleis budsjettet skal fordelast vidare. Sjølv om budsjettfordelingsmodellen er utarbeida for fakultetsnivået, bør det uansett vere slik at prinsippa for fordeling er nokolunde lik nedover i organisasjonen slik at det ikkje blir store ulikskapar mellom fakulteta. I tillegg er det viktig at ein harmoniserer andre element på tvers av fakulteta, som til

dømes faktorar ved undervising, FoU-tid, administrasjonstid med meir. Dette vil gjere samarbeid på tvers av fakultet lettare.

Skal over- og underskot overførast til neste budsjettår?

Dette er ikkje eit spørsmål som direkte gjeld budsjettfordelingsmodellen, men det kan likevel ha noko å seie for korleis modellen blir innretta. Viss budsjetteiningane dreg med seg over- og underskot til neste budsjettår, kan det vere nødvendig å setje av ein større buffer til uheldige effektar av modellen, enn viss over- og underskot går tilbake sentralt.

Det er viktig at budsjetteiningane står til ansvar for bruken av ressursar, noko som talar sterkt for at dei får med seg over- og underskot frå tidlegare år. Dette gjer det lettare for einingane å vere langsiktige, då dei får høve til å planlegge for meir enn eitt år av gangen.

Det bør likevel vere grenser for kor store avsetjingar og underskot det er høve til å opparbeide seg. Dette kan løysast ved at ein fastset nokre retningslinjer for dette. Om ein overstig desse grensene må leiinga ved budsjetteininga, saman med leiinga ved institusjonen, setje i verk tiltak for å sørge for betre samsvar mellom inntekter og kostnader.

Innføring av modellen

Ny modell vil føre til endra fordeling av ressursar mellom ulike einingar og kunne gi andre vilkår enn det tidlegare modellar har gitt tidlegare. Er desse endringane store, vil det vere vanskeleg for einingane å tilpasse seg desse frå det eine året til det andre. Samtidig er det slik at overgangsordningar motverkar intensjonane i modellen. Desse bør difor ha kortvarig effekt. I tillegg kan overgangsordningar føre til at budsjettfordelinga blir meir komplisert.

Dei nye budsjetteiningane vil bestå av avdelingar frå dei opphavslege institusjonane, som har hatt ulike budsjettfordelingsmodellar. Om ein skal berekne effekten av ny budsjettfordelingsmodell for alle fakultet, betyr det at ein lyt berekne budsjettfordelinga med dei gamle modellane i tillegg til den nye. Dette er ikkje ukomplisert, sidan avdelingane ikkje er sett saman slik som tidlegare.

Ein måte å løyse dette på kan vere å setje av midlar sentralt til ein buffer som kan nyttast til å jamne ut utslag av modellen som ein ser kan vere vanskeleg for budsjetteiningane å ta inn over seg. Ein slik pott vil gi styret høve til å gjere skjønsmessige vurderingar når det er nødvendig. Dette kan vere ein pott som kjem i tillegg til midlar til strategiske tiltak. Då har styret handlingsrom både til å prioritere strategiske tiltak og mogelegheit til å jamne ut uheldige effektar av budsjettfordelingsmodellen.

Det bør vere slik at modellen speglar det som styret ynskjer å oppnå, og at ein difor ikkje fokuserer altfor mykje på korleis budsjettet har blitt fordelt tidlegare. Modellen bør ha framtid som fokus.


Vidare arbeid:

Hovudprinsippa i denne saka, saman med dei endringar og tillegg som kjem fram i styrehandsaminga, dannar grunnlaget for arbeidet vidare. Forslag til budsjettfordelingsmodell vil bli utarbeida og sendt ut på høyring i august. Det er einingane i den nye organisasjonen som bør uttale seg om modellen, då det er dei den gjeld.

Om styret ynskjer det, kan ei orienteringssak presenterast på styremøtet 31. august. Målet er å presentere ferdig modell til styremøte 28. september. Modellen vil bli supplert med fleire simuleringar, slik at styret kan sjå effektane av modellen.

Nedanfor er ein tidsplan for korleis prosessen fram til ferdig modell blir. Dette er ein stram tidsplan og ein er avhengig av å halde tidsplanen om budsjettfordelingsmodellen skal vere klar i tide til å fordele budsjettet for 2018.

Tidsplan



Avtale om gjennomføring av fusjon mellom

Høgskolen i Bergen (HiB),
Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)
og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)

25.mai 2016

1. Bakgrunn

9. juni 2016 vedtok dei tre høgskulestyra å søkje Kunnskapsdepartementet (KD) om å fusjonere Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund til ein ny institusjon med namnet Høgskulen på Vestlandet.

Høgskulen på Vestlandet skal vere ein institusjon som har god forankring i nærregionane for dei tre høgskolane og på dei fem studiestadane Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal og Førde.

2. Ambisjonar, mål og profil

Med utgangspunkt i det mangfaldige kompetansefellesskapet ved dei tre institusjonane skal Høgskulen på Vestlandet byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon. Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling.

Høgskulen på Vestlandet skal ha ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Høgskulen på Vestlandet har høge ambisjonar og vil som ein ny fleirkampusinstitusjon:

- byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt
- ta ein nasjonal leiarposisjon på område der vi er gode og der vi som ny institusjon kan byggje oss vidare opp
- vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag.
- svare betre på dei omstillings- og endringsbehova som vil komme
- bli ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og fagpersonar

Det inneber at Høgskulen på Vestlandet:

- skal bli ein stor, viktig og synleg høgare utdannings- og forskingsinstitusjon
- skal arbeide for å oppnå universitetsstatus
- skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for å ha landets mest nøgde studentar som trivst og lukkast
- skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadane
- skal vere ein mangfaldig og spanande arbeidsplass som tiltrekkjer seg dyktige medarbeidarar med høg kompetanse
- skal utvikle eit nærare og meir forpliktande samarbeid med kunnskapsinstitusjonane på Vestlandet
- skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling
- skal sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt, og ha større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, arbeids- og næringsliv. Høgskulen på Vestlandet skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av Vestlandsregionen

- skal bli best i å tilby framtidretta profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå og skal drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde for Høgskulen på Vestlandet
- skal samordne fag- og undervisingstilbod, og skape nye, breiare og spissare tilbod enn institusjonane ville greidd kvar for seg. Høgskulen på Vestlandet skal vere kjend for god tverrfagleg verksemd
- satse på og utvikle sterke og dynamiske forskingsmiljø på tvers av nærregionar, fag og profesjonar
- skal vere offensiv internasjonalt gjennom forpliktande opplegg for mobilitet i alle utdanningssyklusar, fleksible ordningar for tilsettmobilitet og vere synlege internasjonalt gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forskning

Høgskulen på Vestlandet vert etablert med deling som drivkraft, ideal og metode. Kunnskap veks når den blir delt. Det vi gjer, skal støtte opp om vekst for ei berekraftig utvikling av samfunns-, arbeids- og næringslivet og for einskildmenneske.

Høgskulen på Vestlandet skal ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar.

Hovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk.

Høgskulen på Vestlandet si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten. Satsinga skal sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling og utvikle framtidretta utdannings-, arbeids- og læringsfellesskap. Høgskulen på Vestlandet skal imøtekomme og vere tett på trendane, behova og dei nye teknologiane ein ser innanfor høgare utdanning.

3. Føresetnader

Fusjonen skjer mellom tre likeverdige partar. Fusjonspartane legg til grunn at ingen studiestadar vert lagde ned i samband med fusjonen. Verksemda ved HiB, HiSF og HSH skal gå mest mogleg som normalt i fusjons- og implementeringsfasen med fokus på studiekvalitet og arbeidsvilkår.

Arbeidet med fagleg profil, faglege satsingsområde og organisering av Høgskulen på Vestlandet skal starte hausten 2016 med god forankring blant tilsette, studentar og arbeidslivet i alle dei tre nærregionane. Leiinga på ulike nivå får eit særskilt ansvar for å bidra til å mobilisere og aktivisere miljøa slik at utviklinga av Høgskulen på Vestlandet får god forankring og er prega av medverknad.

Det vert innført ny nasjonal femårig grunnskulelærerutdanning frå 1.8.2017. Det set krav til at Høgskulen på Vestlandet må utvikle ei felles grunnskulelærerutdanning. Ambisjonen er å utvikle den nye utdanninga til å bli relevant, innovativ og FOU-basert på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå. Høgskulen på Vestlandet skal òg sjå på moglegheiter for å utvikle lektorutdanning. Det vert oppretta ei felles arbeidsgruppe. Målet er å leggje til rette for eit breiare lærarutdanningstilbod enn dei noverande institusjonane kvar for seg har grunnlag for.

4. Styring, leining og framdrift

Organiseringa og vidareutviklinga av Høgskulen på Vestlandet skal ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

Leining:

- Høgskulen på Vestlandet skal ha normalmodellen for leining etter universitets- og høgskulelova. Det inneber tilsett rektor og ekstern styreleiar
- Rektor skal ha hovudarbeidsplass i Bergen
- Det skal vere ein prorektor i kvar nærregion som på vegner av rektor har ansvar for regional utvikling i nærregionen. Prorektorane skal òg ha eit funksjonsansvar på institusjonsnivå, som t.d. kan vere utdanning, forskning, innovasjon, internasjonalisering eller digitalisering
- Høgskulen på Vestlandet skal ha gjennomgåande leining og eins leining på alle nivå
- Høgskulen på Vestlandet skal ha strategisk fagleg og administrativ leining på fleire nivå i nærregionane.
- Tilsette skal ha nærleik til fagleg leining og personalleiing.
- Som hovudregel skal leiarar i den nye institusjonen ha personalansvar for ikkje fleire enn 20-30 tilsette

Fagleg organisering:

- Dei største profesjonsutdanningane skal bli tilbydd i dei tre nærregionane. Andre sterke fag og utdanningar skal ha gode utviklingsmoglegheiter i Høgskulen på Vestlandet
- Høgskulen på Vestlandet skal ha få og store einingar på nivå 2
I samband med utgreiinga av den faglege organiseringa skal det særskilt vurderast korleis disiplinmiljøa best kan vidareutviklast og styrkje den faglege profilen til Høgskulen på Vestlandet
- Høgskulen på Vestlandet skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov
- Det skal vere utdanning på masternivå på alle studiestadane
- Master- og doktorgradsutdanningane skal gje meirverdi for nærregionane
- Ph.d.-programma skal støtte og byggje på profilen og satsingsområda til Høgskulen på Vestlandet
- Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som òg styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Det skal vere representantar frå nærregionane i råd og utval

Administrativ organisering:

- Administrativ organisering skal ta utgangspunkt i den faglege organiseringa og det skal veljast administrative løysingar som støtter opp under kjerneverksemda, ivaretek prinsipp for god forvaltning og som samstundes sikrar kvalitet og effektivitet
- Administrative funksjonar skal tilpassast aktivitet og kompetansebehov i nærregionane og på studiestadane

- Det bør vurderast om normtal kan vere eit eigna verkemiddel for å ha ein sunn og god balanse mellom faglege og administrative årsverk

Rekruttering

- Intern rekruttering skal vere hovudregelen ved tilsetjing av leiarar i den første funksjonsperioden for Høgskulen på Vestlandet. Tilsetjing/innplassering i faglege og administrative leiarstillingar skal skje etter kvalifikasjonsprinsippet
- Høgskulen på Vestlandet skal arbeide for balanse med omsyn til kjønn og geografi i rekruttering til leiar- og nestleiarstillingane
- (1) Styret ved klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne, dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskoleutdanning § 9.
- (2) Høve til annullering vert ikkje forelda. Studenten kan klage på vedtak om annullering til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning jf. kap. 6. i denne forskrifta.

Kapittel 3. Vurdering og eksamen

Fastsett med heimel i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskoleloven) § 5, § 6, § 7, § 8 og §11.

§ 3-1 Vurdering

- (1) Vurdering omfattar all formell prøving, det vil seie både vurdering undervegs og sluttvurdering. Vurderingsforma i eit emne går fram av emneplanen.
- (2) Styret skal sørge for at studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetanse blir prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg trygg måte.
- (3) Eksamen er prøving med påfølgjande sensur, der resultatet anten vil stå på vitnemålet/karakterutskrifta eller skal reknast inn i ein samlekarakter som skal stå på vitnemålet/karakterutskrifta.

§3-2 Arbeidskrav

- (1) Arbeidskrav er all form for prøving som er sett som vilkår for å ha rett til å gå opp til eksamen, men der resultatet ikkje går inn i ein endeleg karakter. Eksempel er innleveringsarbeid, prøve, obligatorisk frammøte eller andre krav som av fagleg-pedagogiske grunnar er lagde inn i eit emne.
- (2) Arbeidskrav i undervisning og praksis skal gå fram av emneplan.
- (3) Arbeidskrav vert vurdert som godkjent/ikkje godkjent.
- (4) Dersom ikkje emneplanen presiserer noko anna, er godkjent arbeidskrav gyldig utan tidsavgrensing.
- (5) Faglærer fastset frist for når arbeidskravet skal vere avslutta/innlevert. Så langt det lar seg gjere, skal fristen vere slik at studenten har høve til å gjennomføre eit nytt forsøk før liste over godkjente arbeidskrav skal liggje føre. Dersom arbeidskravet inneber frammøte i undervisning, praksis og liknande, som ikkje kan gjerast om att, har faglærer eit særlig ansvar for å klargjere dette for studentane. Faglærer har ansvar for å informere studentar som ikkje får godkjent arbeidskrav.
- (6) Det er krav om obligatorisk frammøte til undervisninga i kvart emne. Den konkrete fråværegrensa er gitt i emneplanen.

§ 3-3 Rett til å gå opp til eksamen

- (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved Dykkarutdanninga, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved Dykkarutdanninga.
- (2) Studentar har sjølve ansvaret for å kontrollere at dei er melde opp til rett eksamen, korrigere eventuelle feil, og halde seg orienterte om tid og stad for eksamen.
- (3) Studenten melder seg opp til eksamen via høgsulen sin StudentWeb. Frist for å melde seg opp til eksamen er 1. februar i vårsemesteret og 1. september i haustsemesteret.

§ 3-4 Karakterskala

Vurderingsuttrykket ved avsluttande vurdering, eksamen, prøve, sensur av oppgåve eller anna vurdering skal være bestått–ikkje bestått eller ein gradert skala med fem trinn frå A til E for bestått og med F for ikkje bestått. Følgjande kvalitative forklaringar gjeld for dei ulike karaktertrinna:

Karakter	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriteria
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som klart utmerkjer seg. Kandidaten viser svært god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Svært god	Svært god prestasjon. Kandidaten viser svært god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten viser god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Ein akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten viser ei viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten viser lita vurderingsevne og sjølvstende.
F	Ikkje greidd	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Kandidaten viser både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

§ 3-5 Spesielt om eksamen i tryggleiksfag

I tryggleiksfag kan det stillast krav om at visse spørsmål i eit eksamenssett må svarast til bestått for at ein bestått karakter kan gis på eksamen. Dette gjeld spørsmål som avdekkjer kunnskapssvikt som kan gje alvorlege helsemessige konsekvensar.

§ 3-6 Eksamen under særskilde vilkår

- (1) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad til Dykkarutdanninga ved dagleg leiar om dette *seinast tre veker før eksamen*. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging i eksamenssituasjonen.

- (2) Særordningar skal likevel vere slik at eksamensprestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.

§ 3-7 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur

- (1) Styret delegerer til dekan å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskolelova §6
- (2) Sensur skal liggje føre innan tre veker dersom ikkje særlege årsaker gjer det naudsynt å bruke meir tid. Styret sjølv kan gjere unntak for enkelteksamenar og fastsetje lengre frist om det ikkje er mogleg å skaffe tilstrekkeleg med kvalifiserte sensorar som er naudsynt for å avvikle sensuren på tre veker.

§ 3-8 Grunngeving for karakterfastsetting og klage

- (1) Kunngjering av eksamensresultat skjer på StudentWeb.
- (2) Ein kandidat kan be om grunngeving for karakteren på skriftleg eksamen innan 1 veke etter kunngjeringa.
- (3) Viss det er gitt skriftlege retningsliner for grunngevinga, skal desse være tilgjengelige for studentane etter at karakteren er fastsett.
- (4) Ved munnleg eksamen eller sensur av praktiske ferdigheiter må krav om slik grunngeving settast fram med ein gang etter at karakteren er meddelt.
- (5) Klagefristen er normalt 3 veker frå eksamensresultatet er kunngjort. Dersom kandidaten ber om grunngeving for karakterfastsetjing eller klage over formelle feil, er klagefristen 3 veker frå kandidaten har fått grunngevinga eller endeleg avgjerd i klagen ligg føre.
- (6) Ved klage over karakterfastsetjing ved ein eksamen skal ein eller fleire nye sensorar nyttast. Minst ein sensor skal være ekstern. Dersom det ligg føre sensorrettleging, skal denne leggjast ved klagen.
- (7) Ved ny sensur skal sensorane ikkje få opphavleg karakter, sensors grunngeving for denne eller studentens grunngeving for klagen, jf. fagskoleloven § 8 (4).
- (8) Sensur av munnleg prestasjon eller liknande som etter sin art ikkje lar seg etterprøve, kan ikkje klagast på.

§ 3-9 Dokumentasjon på utdanninga

- (1) Studentar som fullfører og består utdanninga får skrive ut vitnemål.
- (2) Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullført og bestått emne, eksamenar og eventuelle andre vurderingar.

§ 3-10 Skikkavurdering

- (1) Fagskolen skal vurdere om studenten er skikka for yrket. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskolelova § 11.

- (2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta eit slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om tryggleiksreglar og disiplinære sanksjonar og kap. 6. om klage og klagehandsaming.
- (3) Denne paragraf trer ikkje i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.

Kapittel 4. Tryggleiksreglar og disiplinære sanksjonar

Fastsett med heimel i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskoleloven) § 10, forskrift 16. desember 2006 om arbeidsmiljølovens anvendelse for personer som ikke er arbeidstakere § 1.

§ 4-1 Forbod mot rusmidlar

- (1) Det er forbode å nytte alkohol eller andre rus- eller bedøvande midlar på skulen sitt område eller i undervisningstida. Studentane har ikkje lov til å dykke, arbeide eller møte på dykkepost i nokon form for rusa tilstand. Studenten pliktar å møte rusfri til all undervisning, og forbodet gjeld i eit tidsrom på åtte timar før undervisninga startar.
- (2) Ved mistanke om at ein student er påverka av rusmidlar, kan studenten bli pålagd å undersøkjast av skulen sin dykkelege. Viss ein student ikkje godtek skulen si vurdering av eigen tilstand, må studenten sjølv sørge for å få tatt blodprøve. Alkoholinnhaldet i blodet skal ikkje i noko høve overstiga 0,2 ‰ (promille). Nektar studenten å gje blodprøve kan det resultere i tap av studierett. Sjå kap. 6. om klage og klagehandsaming for korleis gå fram for å klage på tap av studierett.

§ 4-2 Dykking utanom skulen sitt program

I enkelte periodar med dykkeprogram i undervisninga, vil studentane av tryggleiksmessige årsaker bli ilagt forbod mot dykking på fritida. Informasjon om periodane vil gå fram av utlevert timeplan. Brot kan medføre tap av studierett. Ved tap av rettar har studenten klagerett; sjå kap. 6. om klage og klagehandsaming.

§ 4-3 Tryggleik og arbeidsmiljø

Etter forskrift om arbeidsmiljølovens anvendelse for personer som ikke er arbeidstakere (FOR-2005-12-16-1568) er studentar ved institusjonar å rekne som arbeidstakarar når dei utførar arbeid som leidd i praktisk opplæring, og arbeidet går føre seg under forhold som kan innebære fare for liv og helse. Dette inneber at studentar er underlagt skulens reglement og rutinar i høve til tryggleik på arbeidsplassen. Tryggleiksmessige vurderingar kan føre til at studentar kan nektast deltaking på undervisning i dei tilfella dei blir vurdert å være ein risiko for arbeidsmiljøet.

§ 4-4 Utestenging og bortvising

- (1) Ein student som trass skriftleg varsel gjentekne gonger oppfører seg på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskolen elles, kan etter vedtak av klagenemnda verte bortvist frå fagskolen i inntil eitt år. Med bortvising meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Dersom ein student på trass av skriftleg varsel ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.

- (2) Klagenemnda kan vedta at ein student som har nytta falskt vitnemål, andre falske dokument eller vist anna form for uheiderleg åtferd, eller som har fuska eller forsøkt å fuske, vert utestengt frå all utdanning og vert fråtatt retten til eksamen ved fagskolen i inntil eitt år. Tilsvarende gjeld for ein student som forsetteleg har medverka til fusk.
- (3) Eit vedtak om bortvising eller utestenging av ein student kan berre fattast med minst to tredels fleirtal i klagenemnda. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 6. for korleis gå fram ved klage.

Kapitel 5. Fusk og annullering av eksamen

Fastsett med heimel i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskoleloven) § 9.

§ 5-1 Fusk og forsøk på fusk

- (1) Som fusk eller forsøk på fusk ved eksamen eller ved vilkår for å gå opp til eksamen reknar ein mellom anna:
 - (a) Å ha ulovlege hjelpemiddel tilgjengelege under eksamen
 - (b) Å presentere andre sitt arbeid som sitt eige (plagiat).
 - (c) Å ha skaffa seg tilgjenge til eksamen ved å ha fuska ved prøve og liknande som er vilkår for å gå opp til eksamen, eller på urett grunnlag fått godkjenning for deltaking ved obligatorisk undervisning eller andre obligatoriske aktivitetar
 - (d) Ureglementert samarbeid mellom eksamenskandidatar eller grupper.
 - (e) Andre avvik frå eventuelle særskilde eksamensreglar.
- (2) Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapporterte for vidare handsaming.
- (3) Fusk eller forsøk på fusk kan resultere i utestenging frå utdanningen, jf. §4-4 (2).

§ 5-2 Annullering av eksamen

- (1) Styret ved klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska ved eksamen.
- (2) Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til Høgskulen på Vestlandet.
- (3) Annullering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning.

Kapittel 6. Klage og klagehandsaming

Fastsett med heimel i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning §§ 6, 7, 8 og 13.

§ 6-1 Klageinstans

- (1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngeving for karakter under § 3-8, klage på mappeevaluering/emnevurdering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.

- (2) Ved klage på bortvising, utestenging eller annullering av eksamen er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming.
- (3) Klager som vert handsama av klagenemnda, er som følgjer:
 - a) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)
 - b) eksamen under særskilde vilkår
 - c) fritak eller innpassing av emne
 - d) tap av rettar
 - e) opptak

§ 6-2 Framgangsmåte og fristar

- (1) Alle klager skal sendast, som epost eller brev, til Dykkarutdanninga ved dagleg leiar.
- (2) Studenten må sende klaga *seinast tre veker* etter at vedtaket er gjort kjent, eller han eller ho har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klaga seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg.
- (3) Klage over formelle feil ved eksamen må varslast *innan tre veker* etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klage.
- (4) Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for prestasjon eller vurdering for ein eller fleire studentar, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.
- (5) Den skriftlege klaga skal innehalde:
 - a) kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
 - b) vedtak det vert klaga over
 - c) kva klaga gjeld og grunngjeving for denne
 - d) dato og underskrift/er

Kapittel 7. Avsluttande føresegner

§ 7-1 Ikraftsetjing og oppheving

- a) Denne forskrifta trer i kraft frå 1. juli 2017.
- b) Samtidig vert Studentreglement gjeldande frå 20.08.2016 oppheva.

**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

OPPLÆRINGSAVDELINGA

Arkivnr: 2015/11453-64
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		16.02.2017

Felles klagenemnd for Fagskolane i Hordaland og Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet**Samandrag**

Høgskulen på Vestlandet har teke kontakt med opplæringsavdelinga med ein førespurnad om å ha felles klagenemnd med Fagskolane i Hordaland for Dykkarutdanninga ved høgskulen. Bakgrunnen for førespurnaden om å dele klagenemnd med Fagskolane i Hordaland er nye krav til samansetning av klagenemnda og utfordring med å ivareta krava for få fagskulestudentar i eit stort høgskulesystem.

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga har hatt eit innleiande møte med Høgskulen på Vestlandet om vilkåra for ei felles klagenemnd. I møtet vart det mellom anna drøfta samansetning av klagenemnda, felles instruks for klagenemnda, sakshandsaming av klagesaker og kompensasjon, og ein vart samd om at det var mogleg å få til ei høveleg ordning. Vidare vart det avtalt å fremja sak til fagskulestyret og styret for Høgskulen på Vestlandet for oppslutning til å gå vidare med å formalisera ein avtale om felles klagenemnd.

Forslag til vedtak

Fagskulestyret gjev administrasjonen ved opplæringsavdelinga løyve til å utarbeide ein avtale med Høgskulen på Vestlandet om felles klagenemnd for Dykkarutdanninga og Fagskolane i Hordaland.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Oppretting av ny lokal klagenemnd for Fagskolane i Hordaland

Fylkesrådmannen, 25.01.2017

Høgskulen på Vestlandet har teke kontakt med opplæringsavdelinga med ein førespurnad om å ha felles klagenemnd med Fagskolane i Hordaland for Dykkarutdanninga ved høgskulen. Dykkarutdanninga er ei fagskuleutdanning og det einaste tilbodet Høgskulen på Vestlandet har på fagskulenivå. Dykkarutdanninga var tidlegare Statens dykkerskole og har som oppgåve å lære opp yrkesdykkarar og personell knytt til operasjonar under vatn. Høgskulen på Vestlandet er den einaste i landet som gjev denne utdanninga med formelle eksamenar for dykkarar og dykkarpersonell. Hausten 2016 var det 24 studentar ved Dykkarutdanninga.

Bakgrunnen for førespurnaden om å dele klagenemnd med Fagskolane i Hordaland er nye krav til samansetning av klagenemnda og utfordring med å ivareta krava for få fagskulestudentar i eit stort høgskulesystem. NOKUT har også oppmoda fagskular om å gå saman om å etablere ei felles klagenemnd med andre fagskular dersom det er vanskeleg og ressurskrevjande ved små fagskulemiljø.

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga har hatt eit innleiande møte med Høgskulen på Vestlandet om føresetnadene for ei felles klagenemnd og er svært positiv til at dette skal la seg ordne på ein god måte. I møtet vart det mellom anna drøfta samansetning av klagenemnda, felles instruks for klagenemnda, sakshandsaming av klagesaker og kompensasjon, og ein vart samd om at det var mogleg å få til ei høveleg ordning. Vidare vart det avtalt å fremja sak til fagskulestyret og styret for Høgskulen på Vestlandet for oppslutning om å gå vidare med å formalisere ein avtale om felles klagenemnd.

Avklaringar i høve til å etablere ei felles klagenemnd

Styret for Fagskolane i Hordaland vedtok i møte 18.11.2016 (sjå vedlegg) oppretting av ny klagenemnd og ny instruks for klagenemnda. For å etablere ei felles klagenemnd med Dykkarutdanninga må det verte gjort nokre endringar i instruksen for å klargjere at klagenemnda også skal handsame saker for Dykkarutdanninga. Det er ikkje naudsynt å gjere endringar i samansetninga med det første, men det kan vurderast i samband med val av studentrepresentantar for kvart skuleår om det også skal vere ein student frå Dykkarutdanninga i klagenemnda. Vidare må ein avklare om klagenemnda både skal handsame klager og kunne fatte enkeltvedtak i høve til disiplinære sanksjonar for Dykkarutdanninga.

Høgskulen på Vestlandet arbeider med ei eiga forskrift for Dykkarutdanninga jf. nye lovkrav, slik det også vert arbeidd med for Fagskolane i Hordaland. Det er ikkje naudsynt at forskriftene er like, og eventuell handsaming av klager frå Dykkarutdanninga vil verte sakshandsama i høve til forskrifta som er kunngjort av høgskulen.

Vidare ser administrasjonen føre seg at sakshandsaming av klager frå Dykkarutdanninga kan verte utført av opplæringsavdelinga slik som ved klager frå Fagskolane i Hordaland. Dette vil gjere det enklare for klagenemnda i høve til å ha eitt sakshandsamingssystem å halde seg til. Vidare vil ein som med klagenemnda i dag nytte den juridiske kompetansen som er i Hordaland fylkeskommune. Med bakgrunn i dette må det også drøftast vidare i høve til kompensasjon i samband med handsaming av klager frå Dykkarutdanninga.

Vidare saksgang

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå at fagskulestyret gjev administrasjonen løyve til å utarbeide ein avtale med Høgskulen på Vestlandet om felles klagenemnd for Dykkarutdanninga og Fagskolane i Hordaland. Forslag til samarbeidsavtale mellom institusjonane og endring av instruks for klagenemnda vil verte lagt fram for handsaming i fagskulestyret 05.05.2017. Styret for Høgskulen på Vestlandet vil også handsame sak om forslag til samarbeidsavtale og instruks for klagenemnda i mai.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 16.02.2017

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fagskulestyret gjev administrasjonen ved opplæringsavdelinga løyve til å utarbeide ein avtale med Høgskulen på Vestlandet om felles klagenemnd for Dykkarutdanninga og Fagskolane i Hordaland.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/06016-1
Saksbehandler Marianne Seim

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
15.06.2017

054/17 ENDRING I FORSKRIFT OM STUDIUM OG EKSAMEN VED HVL - FORKURS I MATEMATIKK LÆRERUTDANNINGEN

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner endring i «Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet», tillegg for nytt ledd § 11-3 (5):

(5) Klagefristen for klage på formelle feil og ikkje bestått forprøve i matematikk som grunnlag for opptak til grunnskulelærer- og lektorutdanning, er ei veke frå resultatet er kunngjort.

Resterende innhold i § 11-3 blir opprettholdt i sin helhet. Endringen trer i kraft straks og skal kunngjøres i Norsk Lovtidend jf. forvaltningsloven § 38. Endringen gjøres ihht. brev fra Kunnskapsdepartementet av 20.04.17.

Sammendrag

Styret blir i denne saken bedt om å vedta nytt ledd (5) i § 11-3 i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet. Bakgrunnen for endringen er krav fra Kunnskapsdepartementet om kortere klagefrister for studenter på forkurs i matematikk for opptak til grunnskolelærer- og lektorutdanning.

Vedlegg:

Brev fra Kunnskapsdepartement 20.04.2017

Utrykte vedlegg:

[Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet](#)

Saksframstilling:

Stortinget har vedtatt kortere klagefrister ved forkurs i matematikk ved opptak til grunnskolelærer- og lektorutdanningen til studieåret 2017-2018, for å sikre at kandidater som får medhold i klagen, klage på formelle feil og / eller klage på karakter, og som består utsatt prøve skal få komme i gang med lærerstudier så fort som mulig.

Kunnskapsdepartementet har i brev til utdanningsinstitusjonene av 20. april 2017, som skal avvikle forkurset, bedt institusjonene om i lokal forskrift å fastsette kortere tidsfrister for klager angående forkurs i matematikk, jf. universitets- og høyskoleloven §§ 5-2 første ledd og 5-3 femte ledd. Klagefristen ved forkurs kan ikke settes kortere enn en uke, jf. nevnte bestemmelser.

I likhet med Universitetet i Agder, er det valgt å gjøre en endring / tillegg i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet for å forskriftsfeste klagefristen lokalt. Dette gjøres ved at det i nevnte forskrift gjøres et tillegg for en ny § 11-3 (5), men slik at de eksisterende etterfølgende leddene i § 11-3 får ny nummerering. § 11-3 skal bevares i sin eksisterende helhet, men med et tillegg for ny § 11-3 (5). Ny § 11-3 (5) er en særregel kun for forkurset i matematikk.

Bakgrunn:

Opptakskravet til lærerutdanningen ble skjerpet med virkning fra opptaket til høyere utdanning skoleåret 2016-2017. Søkere til grunnskolelærer- og lektorutdanningen må i tillegg til 35 skolepoeng ha et karaktergjennomsnitt på 3,0 i norsk og 4,0 i fellesfaget matematikk eller bestått programfag i matematikk fra videregående opplæring for å bli tatt opp til utdanningen.

For opptaket til studiestart høsten 2016 ble søkere som hadde et karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i fellesfaget matematikk likevel tatt opp, dersom de før studiestart besto et spesielt tilrettelagt forkurs i matematikk. Dette forkurset ble gjennomført som sommerkurs i juli 2016 med en avsluttende nasjonal prøve i begynnelsen av august.

I brev av 2. desember 2016 ble universiteter og høyskoler som tilbyr lærerutdanningen informert om at ordningen med forkurs skal videreføres for opptak til studieåret 2017-2018.

Stortinget har vedtatt kortere klagefrister ved forkurs i matematikk ved opptak til grunnskolelærer- og lektorutdanningen til studieåret 2017-2018. Dette gjøres for å sikre at kandidater som får medhold i klagen og som består utsatt prøve 24. august, skal få komme i gang med lærerstudier så fort som mulig.

På denne bakgrunn har Kunnskapsdepartementet bedt aktuelle utdanningsinstitusjoner om å fastsette kortere tidsfrister for klager angående forkurs i matematikk, jf. universitets- og høyskoleloven §§ 5-2 første ledd og 5-3 femte ledd. Klagefristen ved forkurs kan ikke settes kortere enn en uke, jf. nevnte bestemmelser. Klagefristen gjelder for karakterklage og klage på formelle feil ved avviklingen av forprøven.

HVL gjør på denne bakgrunn en endring i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet ved at det gjøres et tillegg for en nytt femte ledd, § 11-3 (5), men slik at regelen bevares i sin helhet ellers. Nummereringen i de etterfølgende leddene må endres i tråd med nytt femte ledd.

Følgende ordlyd i nytt ledd (5) i § 11-3 foreslås:

(5) Klagefristen for klage på formelle feil og ikkje bestått forprøve i matematikk som grunnlag for opptak til grunnskulelærer- og lektorutdanning, er ei veke frå resultatet er kunngjort.

Merknader:

Endringen må kunngjøres umiddelbart etter styrets vedtak i Norsk Lovtidend i henhold til forvaltningsloven § 38.



Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

16/2857-

20.04.2017

Forkurs i matematikk ved opptak til grunnskolelærer- og lektorutdanningen til studieåret 2017-2018

Opptakskravet til lærerutdanningen ble skjerpet med virkning fra opptaket til høyere utdanning studieåret 2016-2017. Søkere til grunnskolelærer- og lektorutdanningen må i tillegg til 35 skolepoeng ha et karaktergjennomsnitt på 3,0 i norsk og 4,0 i fellesfaget matematikk eller bestått programfag i matematikk fra videregående opplæring for å bli tatt opp til utdanningen.

For opptaket til studiestart høsten 2016 ble søkere som hadde et karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i fellesfaget matematikk likevel tatt opp, dersom de før studiestart besto et spesielt tilrettelagt forkurs i matematikk. Dette forkurset ble gjennomført som sommerkurs i juli 2016 med en avsluttende nasjonal prøve i begynnelsen av august.

I brev av 2. desember 2016 ble universiteter og høyskoler som tilbyr lærerutdanning informert om at ordningen med forkurs skal videreføres for opptak til studieåret 2017-2018.

1. Opptaksmodell

CERES (Nasjonalt senter for felles systemer og tjenester for forskning og studier) vil gjennom Samordna opptak organisere påmelding til forkurset innenfor rammene av den nasjonale opptaksmodellen. Videre har CERES ansvar for tildeling av kandidatnummer, klageregistrering og resultatutveksling med både kandidatene og lærestedet. Alle søkere som er kvalifisert og har behov for forkurs, vil få informasjon om muligheten.

Søkere som er påmeldt forkurset vil konkurrere i opptaket og kan få tilbud om studieplass på vilkår av bestått forkurs. Søkere som ikke består forkurset, vil få tilbud om studieplass på det høyest prioriterte studiet de ellers er kvalifisert for og har nok poeng til å komme inn på.

CERES må i samarbeid med institusjonene tydelig informere søkerne om hva som ligger i "betinget opptak".

2. Kursopplegg

Forkurset skal som i 2016 legges opp som et sommerkurs med oppstart 3. juli og med en varighet på fire uker. Kurset skal avsluttes med en sentralt gitt prøve 31. juli 2017. Universitetet i Agder vil også i år være koordinator for arbeidet med det faglige og praktiske opplegget for forkurset. Koordinatoren skal være kontaktperson mellom institusjonene, CERES, Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.

Institusjonene har ansvaret for å organisere og utvikle forkurset slik at søkere får et godt faglig opplegg. Det skal utarbeides et nettbasert, fleksibelt tilbud (MOOC) som kan brukes som en støtte i undervisningen.

Ved kursstart skal det formidles tydelige forventninger til studentene om at det kreves en høy arbeidsinnsats i kurset for å bestå prøven. Departementet forventer at erfaringer fra 2016 brukes til å utvikle forkursene.

Institusjonene må informere søkere, CERES og koordinator om sine kursopplegg. Oppdatert informasjonen må fortløpende gjøres tilgjengelig for potensielle søkere på institusjonenes nettsider og på nettsiden til CERES.

3. Avsluttende prøve

Utdanningsdirektoratet sørger for å utarbeide den skriftlige prøven. Den distribueres til universiteter og høyskoler som tilbyr forkurs og som har det administrative ansvaret for at denne prøven gjennomføres på forsvarlig måte.

Gjennomføring av den avsluttende prøven skal som i 2016 følge ordinære prosedyrer og regler for eksamen i videregående opplæring. Prøven skal ta utgangspunkt i kompetansemål for praktisk matematikk 1P (Vg1) og 2P (Vg2) og prøve studentene i begge læreplaner.

Prøven blir todelt. Del 1 er 2 timer uten hjelpemidler, og del 2 er 3 timer med hjelpemidler med krav til digitale verktøy, herunder regneark og graftegner.

Utdanningsdirektoratet utarbeider prøveveiledning i forbindelse med prøven. I veilederen står det både om eksamensordning, hjelpemiddelbruk og hvordan kandidatene blir vurdert når karakteren skal settes. Koordinator (UiA) vil orientere lærestedene når prøveveiledningen foreligger. Prøveveiledningen vil i tillegg være tilgjengelig fra felles nasjonal nettside om forkurs i matematikk <http://www.uia.no/eksterne-nettsider/forkurs-i-matematikk>. Nettsiden driftes fra UiA.

Koordinator vil som foregående år ha en støttende funksjon og vil informere om organisering, gjennomføring og regelverket for prøven.

4. Utsatt prøve

Utsatt prøve er en prøve som blir arrangert for kandidater som på grunn av sykdom eller annen dokumentert gyldig grunn for fravær, ikke kunne avlegge ordinær prøve. Utsatt prøve blir avholdt 24. august 2017.

Hva som regnes som gyldig fravær og krav om dokumentasjon skal følge reglene i den enkelte utdanningsinstitusjons eksamensreglement. Institusjonene må vurdere om det er behov for å fastsette særregler for forkurs i matematikk.

Søkere som får medhold i klage (se nedenfor) vil også få anledning til å ta denne prøven 24. august 2017.

5. Klagebehandling

5.1 Kortere klagefrist

Stortinget har vedtatt kortere klagefrister ved forkurs for å sikre at kandidater som får medhold i klagen og som består utsatt prøve skal få komme i gang med lærerstudier så fort som mulig.

Alle utdanningsinstitusjoner må i lokal forskrift fastsette kortere tidsfrister for klager angående forkurs i matematikk, jf. universitets og høyskoleloven §§ 5-2 første ledd og 5-3 femte ledd. Klagefristen ved forkurs kan ikke settes kortere enn én uke. Tidsfristene må være i tråd med opplegget som beskrives under.

5.2 Frister for klage ved forkurs i matematikk 2017

Frist for klage på karakter etter ordinær prøve er 14. august 2017.

Forutsatt at institusjonen har fastsatt en ukes klagefrist på karakter og formelle feil, blir frist for å klage på formelle feil ved prøve også 14. august 2017. Det vil ikke bli gitt skriftlig begrunnelse for karakteren, jf. opplæringsloven § 5-7. Det er først på klagesensuren at kandidatene vil få skriftlig begrunnelse for karakteren.

Kandidater som klager på formelle feil innen fastsatt frist og som får medhold i slik klage får muligheten til å ta utsatt prøve 24. august 2017, dersom klagenemnda kommer til at feilen kan rettes opp ved at kandidaten får tilbud om ny prøve. Hvis klagenemnda kommer til at det skal gjennomføres ny sensur av prøven, gjennomføres den av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

Loven åpner for at klagefristen for klage på formelle feil forlenges hvis det er fremsatt en klage på karakteren, jf. universitetets- og høyskoleloven § 5-3. Det er imidlertid bare klager framsatt innen 14. august som kan gi grunnlag for ny prøve 24. august.

Utdanningsinstitusjonene bør behandle eventuelle klager på formelle feil raskt. Videre bør utdanningsinstitusjonen planlegge for dette gjennom å beramme møte i klagenemnda rundt 21. august 2017.

Klager på karakter og formelle feil på utsatt prøve 24. august 2017 behandles på ordinær måte av henholdsvis Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og klagenemnda ved utdanningsinstitusjonen.

5.3 Ansvar for behandling av klager, og regelverk for slik behandling

Klage på karakter sendes på e-post til CERES ved tjenesten Samordna opptak med kopi til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. CERES gir informasjon om fremgangsmåte og hvilke frist som gjelder ved innsendelse av klage. CERES registrerer klage på sensur i prøveadministrasjonssystemet PAS. Utdanningsdirektoratet har gitt oppdraget med sensur og klagesensur til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Klager på karakter behandles etter opplæringslova og avgjøres av Utdanningsdirektoratet ved Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Klagesensuren er endelig, jf. opplæringslova § 5-3. Fylkesmannen returnerer ikke papirbesvarelsen til institusjonene før etter at både sensur og klagesensur er avholdt.

Klager på formelle feil ved prøven skal sendes utdanningsinstitusjonen hvor kandidaten har avlagt prøven. Klager på formelle feil ved prøven behandles etter reglene i universitets- og høyskoleloven. Hvis kandidaten ikke får medhold i klage på formelle feil ved utdanningsinstitusjonen, oversendes saken til institusjonens klagenemd for endelig avgjørelse, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-1.

Prøvens vanskelighetsgrad eller nivå på prøven er ikke å anse som formelle feil ved prøven. Det er derfor ikke klagerett på slike forhold. Innspill til oppgavens vanskelighetsnivå kan sendes til Utdanningsdirektoratet for eventuell omtale i sensorveiledning.

6. Finansiering av forkurset

Departementet vil utbetale 300 000 kr for hver gruppe på inntil 30 forkursstudenter. Utbetalingene vil bli beregnet på grunnlag av innsendt rapport om antall forkursstudenter og grupper ved hvert studiested for institusjoner som tilbyr forkurset på flere studiesteder. Vi ber om å få tilsendt rapport basert på antall studenter per 29. juni innen 1. september 2017.

7. Tidsplan

- 15. april 2017:** Søknadsfrist til høyere utdanning.
- 29. juni 2017:** Søkere som trenger og er kvalifisert for forkurs må melde seg på gjennom portalen til Samordna opptak. Opptaket skjer fortløpende fram til studiestart.
- 3. juli 2017:** Oppstart av forkurset i matematikk.
- 20. juli 2017:** Hovedopptaket gjennomføres. Søkerne informeres om hovedopptaket. De som går på forkurs må på vanlig måte konkurrere seg inn på en studieplass, og innenfor den kvoten de er kvalifisert for. Disse søkerne får tilbud om studieplass eller venteliste plass. Tilbudet vil bli gitt på vilkår av ("betinget opptak") at søkeren består forkurset.
- 31. juli 2017:** Forkurset avsluttes med en sentralt gitt prøve. Sensur faller etter ca. en uke.
- 14. august 2017:** Frist for å klage på sensuren og anbefalt frist for klage over formelle feil.
- 24. august 2017:** Eventuell utsatt prøve for kandidater som har fått medhold på klagen eller på grunn av sykdom eller annen gyldig grunn for fravær ikke kunne ta ordinær prøve. Søkere som består den nye prøven får anledning til å starte opp på lærerutdanning høsten 2017 forutsatt tilbud om studieplass.

8. Nasjonal koordinator for forkurset

Universitetet i Agder vil også i 2017 ha et koordineringsansvar for forkurset. Koordinatoren vil fungere som kontaktperson for institusjonene og mellom lærestedene og de andre involverte aktørene. Kontaktinformasjon ved Universitetet i Agder er: lu-forkurs-matematikk-kontakt@uia.no. Henvendelser kan også rettes til seniorrådgiver Hanne Graver Møvig: e-post hanne.g.movig@uia.no , tlf: 38 14 14 82/452 64 592

Med hilsen

Rolf L. Larsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Lars Arne Aasen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Kopi til:
CERES
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Utdanningsdirektoratet

Adresseliste

Det teologiske Menighetsfakultet	Postboks 5144 Majorstua	0302	OSLO
Høgskolen i Innlandet	Postboks 400	2418	ELVERUM
Høgskolen i Oslo og Akershus	Postboks 4, St. Olavs plass	0130	OSLO
Høgskolen i Sørøst-Norge	Postboks 235	3603	KONGSBERG
Høgskolen i Volda	Postboks 500	6101	VOLDA
Høgskolen i Østfold		1757	HALDEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
NLA Høgskolen	Postboks 74	5812	BERGEN
Nord universitet	Postboks 1490	8049	BODØ
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet		7491	TRONDHEIM
Samisk høgskole	Hánnoluohkká 45	9520	KAUTOKEINO
Universitetet i Agder	Serviceboks 422	4604	KRISTIANSAND S
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Oslo	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
Universitetet i Stavanger		4036	STAVANGER
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet		9019	TROMSØ



Arkivsak-dok. 17/00146-10 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 15.06.2017

055/17 GODKJENNING AV VALG AV STUDENTREPRESENTANTER TIL HØGSKULESTYRET 01.08.2017-31.07.2018

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner følgjande studentrepresentantar til Styret for Høgskulen på Vestlandet, for perioden 1.8.2017 til og med 31.7.2018:

Stord/Haugesund: Cecilie Fredheim
Sogn og Fjordane: Marie Eikemo Larsen
Bergen: Sondre Johan Haugsdal Riisøen

Vara:
Sogn og Fjordane, 1. Vara: Marita Helland
Bergen, 1.Vara: Bjørn Olav Østeby
Bergen, 2.Vara: Eigil Hole Lønning

Sammendrag

Studentrepresentantar vert vald for eit år av gangen. I denne saka vert styret bedt om å godkjenne dei studentrepresentantane som studenttinget har valt til Høgskulestyret for perioden 01.08.2017 – 31.07.2018

Vedlegg:

Utdrag frå protokoll frå val i studenttinget.

Utrykte vedlegg:

[Valreglement for Studenttinget ved Høgskulen på Vestlandet](#)
[Høgskulen på Vestlandet - oppnemning av styremedlemmer](#) (Brev frå KD 24.08.17)

Saksframstilling:

Styret for Høgskulen på Vestlandet vart konstituert først som interimsstyre på styremøte i interimsstyret 01/16. Interimsstyret vart styret for Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.01.2017 til 31.07.2019, jf. Oppnemningsbrev frå Kunnskapsdepartementet (24.08.16).

Etter uh-lova § 9.4 (10) er det styret sjølv som fastsett reglar om vala. Det er ikkje utarbeidd valreglement for HVL enno. Det er vanleg at styret delegerer godkjenning av valet til eit valstyre. I og med at vi ikkje har eit valstyre for HVL, vil styret ha denne funksjonen fram til nytt valreglement er på plass.

Styret ved HVL har følgjande samansetning:

Valkrins	Bergen (B)	Sogn og Fjordane (SF)	Stord / Haugesund (SH)	Eksterne	Sum	Vara
UF	2	1	1		4	4 nummererte vara (B), 2 personlige vara (SH og SF)
TAP	1				1	2 personlige vara for kvar
Studentar	1	1	1		3	2 personlige vara for kvar
Eksterne	2	1	1	1	5	2 vara
Sum	4	2	2	5	13	
Observatør TAP		1	1			

UF: undervisning- og forskingspersonal

TAP: teknisk-administrativt personal

Studentrepresentantar i styret og deira vararepresentantar vert vald for eit år av gangen, jf. Uh-lova §9-4, tredje ledd. Studenttinget er valforsamling ved val av studentar til styrer, råd og utval på institusjonsnivå ved Høgskulen på Vestlandet.

Valet av studentrepresentantar blei gjennomført på studenttingsmøte 3, 5. - 7. mai 2017. Valet blei gjennomført i tråd med valreglement for studenttinget ved Høgskulen på Vestlandet (sjå vedlegg) og tilfredsstiler krava i likestillingslovas § 21 om representasjon av begge kjønn.

Det vart ikkje vald vararepresentantar frå nærregion Stord/Haugesund, og berre ein vara i Sogn og Fjordane av di det ikkje melde seg nok kandidatar. Studenttinget vil halde suppleringsval til hausten for å få på plass vararepresentant(ar).

Styret vert bedt om å godkjenne dei studentrepresentantane som studenttinget har valt til Høgskulestyret for perioden 01.08.2017 – 31.07.2018.

Protokoll

Studenttingsmøte 3

Studenttinget på Vestlandet

Bergen, 5.- 7.mai 2017

5/5-2017 Fredrik Skjæransen

Dato, Namn

7/5.2017 Terbjørn Twit

Dato, Namn

Votering over å gje AU redaksjonell fullmakt

Vedteke

Val av settevara til utrekning av vala:

Kristoffer Frøyen vart vald ved akklamasjon.

ST 43/17 – Val til ulike råd og utvalg

Det vart informert kort om valet med presentasjon av alle vala og kor mange som skulle velgjast.

Kristine Krokli kom med saksopplysning om at val til programrådet ikkje er blitt fronta men at det finst to kandidatar. Ho informerte om organisasjonsutviklingsprogrammet: Skal sitje to studentar. Vi kan velgje dei vi vil, og treng ikkje vere kjønnsbalanse eller regionskvotering. Dette skal vere overordna no i fasen framover (sjå på fusjonsprosjekt, setje fristar, og sjå kor langt ein er komen).

Det vart opna for spørsmål. Leiar svara på at det er blitt profilert på Facebook og plakatar, og at det vart omtala på førre møte.

1. Val til Høgskolestyret

Kandidatar:

Marita Helland (Sogndal), Cecilie Fredheim (Stord), Sondre Riisøen (Bergen), Eigil Hole Lønning (Bergen), Marie Eikemo Larsen (Sogndal, stilte i møtet)

Resultat:

Faste representantar

Sondre Riisøen, Marie Eikemo Larsen og Cecilie Fredheim valgt

Vara: personleg val. Kjønnsbalanse. Vart avklara at ein skal ha to personlege vara.

1.vara Bergen: Bjørn Olav Østeby

2.vara Bergen Eigil Hole Lønning

Vara Sogndal: Marita Helland

2. Val til regionrådene

Leiar innleia. Ikkje kjønnskvaltering eller regionråda, men begge campus bør vere representert.

Kandidatar:

Regionråd Nord: Ingen forhåndsmeldte kandidatar (Joakim Fossheim, Kristoffer Frøyen melde seg i møtet, Charlotte Havneraas vart føreslegen i møtet.

Regionråd Midt: Ingen førehandsmelde kandidatar

Regionråd Sør: Ingvild Haugland (Stord), Andri Fridjonsson (Haugesund), Morten Hovland (Haugesund)

Resultat:

Alle vart valde.

2. Val til Fondsstyret (gjekk ut i og med eit forslag om Fondsstyre fall)

Kandidatar:

Johannes Bjerre Helgestad (Sogndal), Valeriia Atamaniuk (Haugesund), Morten Nordvik Hovland (Haugesund)

Resultat:

Denne saka gjekk ut sidan forslaget om val til eit fondstyre fall, det vart derfor ikkje gjennomført val til eit Fondsstyre.

3. Val til Læringsmiljøutvalet

Det vart klargjort at det skulle velgjast 6 personar, med personlege vara. Det vart opna for spørsmål. 3 kvinner og 3 menn (kjønnskvaltering, ikkje regionkvaltering).

Kandidatar:

Jan Erik Vatland (Stord), Camilla Tønsberg (Bergen), Pia Oline Lilleskare Lunde (Bergen), Torbjørn Tveit (Bergen), Tom Lund-Andersen (Haugesund), Sjur Herheim (Bergen)



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/01971-5
Saksbehandler Anja Olsen Moberg

Arkivkode. 013

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
15.06.2017

056/17 REALISERING AV UNIVERSITETSAMBISJONEN TIL HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek rapporten Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet til vitande.
2. Styret legg skildringane av krav til akkreditering som universitet (kapittel 2) og tilrådingar (kapittel 4) til grunn for det vidare strategiarbeidet ved HVL.

Vedlegg:

Hovudvedlegg: Rapport Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet

Vedlegg: Merknad til sluttrapport om universitetsambisjonen

Vedlegg: Merknader til delprosjekt om universitetsambisjonen

Bakgrunn:

Avtale om gjennomføring av fusjon mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) set som mål at «Høgskulen på Vestlandet skal ha ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil».

Organisering av fusjonsprogrammet mellom HiB, HiSF og HSH (interimsstyresak 009/16) gir prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi eit oppdrag på ni punkt. Prosjektet skal som siste del av sitt mandat:

«Utarbeide ein plan for realisering av universitetsambisjonen i den nye høgskulen, der eksisterande og planlagde doktorgradsprogram inngår. Rolle og status til dei eksisterande forskningssentra skal vurderast og inkluderast i arbeidet. Målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023»

Grunna eit omfattande mandat vart det sett ned ei delprosjektgruppe under Fagleg plattform, profil og strategi, som skal svare på den delen av prosjektet sitt mandat som omhandlar universitetsambisjonen.

Delprosjektgruppa vart sett saman av fire representantar frå dei tre nærregionane. Delprosjektgruppa har hatt tre 3-timers møter i Bergen våren 2017, i tillegg til skypemøter. Delprosjektgruppa har fått vide fullmakter til å utforme rapporten, men prosjektleiar for hovudprosjektet vart orientert om prosessen undervegs, mellom anna i form av tilsendte arbeidsnotat og møtereferat.

Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi legg med dette fram rapport om realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet. Vedlagt saka følger og merknadar til sluttrapporten frå to av medlemmane i styringsgruppa. Rapporten er eit grunnlagsdokument til bruk for det vidare strategiarbeidet ved HVL som startar hausten 2017. Anbefalingane i rapporten ligg difor på eit overordna nivå, og ei konkretisering av verkemiddel for å nå målet om status som universitet må gjerast etter at arbeidet med strategi for HVL er ferdig.

Rapporten er utarbeidd av delprosjektgruppa for universitetsambisjonen etter oppdrag frå og i dialog med hovudprosjektgruppa, og vidare drøfta med Styringsgruppa for hovudprosjektet i samsvar med retningslinjene som går fram av fusjonsprogrammet.

Saksframstilling:

Rapporten er delt i 5 hovudavsnitt. Den første delen inneheld mandat og føringar for delprosjektet. Den andre delen inneheld ei oversikt over dei formelle krava for å kunne bli eit universitet, kva som allereie er gjort ved HVL, korleis HVL oppfyller dei formelle krava, og korleis HVL posisjonerer seg i høve til andre høgskular og universitet. Den tredje delen inneheld ei skildring av kva delprosjektgruppa meiner med eit «profesjons- og arbeidslivsretta universitet»: kva vi vil bli, og kvifor. Dei siste delane av rapporten inneheld delprosjektgruppa sine anbefalingar for korleis HVL kan arbeide vidare for å nå målet om universitetsstatus innan 2023, samt ei oppsummering.

